



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE - 033
Arkivsaksnr: 18/173	Løpenr: 18/1654
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	22.02.2018	001/2018

Faste saker

22.02.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling, sakliste eller protokoll frå førre møte.

Orienteringssaker:

Orientering frå ordførar Knut Harald Frøland (Bl) om status for saka "Tilleggsvedtak Børdalen - Kommuneplanen sin arealdel 2017-2027". Han orienterte om bakgrunnen for at saka ikkje kom opp i kommunestyret 22.02.2018, slik det vart varsla om i møteinnkallinga. Denne orienteringa vart halden etter handsaminga av sak 008/2018.

Utvalet sitt kvarter:

Sonestruktur i Hordaland

Øyvind Strømmen (Mdg) orienterte om møte i fylkesutvalet 22.02.2018, der sonestruktur for Hordaland vart vedteke. Samnanger er som venta plassert i sone 6, saman med mellom anna Kvam og Vaksdal.

Status bygging av nytt bufellesskap på Skottebakken

Spørsmål frå Arild Røen (H) om status for bygging av nytt bufellesskap på Skottabakken. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at søknad til Husbanken vart sendt 22.02.2018.

Helse Orange Vest

Monica Tjønnå (Sp) stilte spørsmål om Samnanger brukar Helse Orange Vest eller andre tilsvarande firma. Administrasjonen kunne ikkje svara på dette i møtet, men vil undersøkje spørsmålet og koma

tilbake til dette.

Notat frå kontrollutvalet om vegtilkomst til Fjordtønna

Bright Olav Gåsdal (A) orienterte om notatet (som var vedlagt møteinnkallinga til kommunestyret 22.02.2018) og om kontrollutvalet si grunngjeving for det som er skrive i notatet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS- 001/2018 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.

Delegerte vedtak/referatsaker.

Utvalet sitt kvarter.